

## Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.03.2021

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å gjere sak RS 10/21 «Medverknad og samarbeid - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv» om til ei politisk sak og sette saka på sakslista.

**Kjell Gitton Håland (A)** sette på vegner av seg sjølv, Trude Brosvik og Gunn Åmdal Mongstad fram slik forslag til uttale:

«RMNF har ikkje merknad til val av plantema, men vil peike på at alle tema må femne det mangfaldet vi har blant innbyggjarane. Og vil særleg peike på dei som har ei eller anna form for nedsett funksjonsevne. Vi tenkjer den gruppa må nemnast særleg, sidan det ofte vil vere trong for særleg tilrettelegging av tilbod og deltaking. Frivillig arbeid og samarbeid mellom det offentlege og frivillige organisasjonar må få brei plass innanfor plantema»

**Gunn Åmdal Mongstad (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:  
RMNF ynskjer å delta aktivt i den vidare planprosessen og ber om ei orientering på komande møte.»

### **Avrøysting**

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Mongstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

RMNF har ikkje merknad til val av plantema, men vil peike på at alle tema må femne det mangfaldet vi har blant innbyggjarane. Og vil særleg peike på dei som har ei eller anna form for nedsett funksjonsevne. Vi tenkjer den gruppa må nemnast særleg, sidan det ofte vil vere trong for særleg tilrettelegging av tilbod og deltaking. Frivillig arbeid og samarbeid mellom det offentlege og frivillige organisasjonar må få brei plass innanfor plantema.

RMNF ynskjer å delta aktivt i den vidare planprosessen og ber om ei orientering på komande møte.